Fylkesmannen i Hordaland

Rapport frå inspeksjon i Voss kommune ved Voss reinseanlegg nr. 2010.082

Namn på verksemda: Voss kommune, Voss reinseanlegg

Arkivkode: 10/32808

Adressa til verksemda: Postboks 145, 5701 Voss

Anleggsnr.: 1235.0040.02

Organisasjonsnr.: 960 510 542

Sist tilsyn: 5. november 2008

Utsleppsløyve av: 22. januar 2008

Tidsrom for inspeksjonen: 19. oktober 2010

Til stades frå verksemda:
Nils Een, Ove Hegg
Olav Bjørke, Yngvar Gunnlaugsson
Zlatko Cemalovic, Henning Ure
Kristian Ringheim, Inge Mandelid
Per Gunnar Byrkje, Jon Hårklau

Til stades frå Fylkesmannen:
Sissel Storebø
Kjell Kvingedal
Nina Vadøy Antonsen

Rapporten inneheld :

Rapporten skildrar avvik som vart funne innanfor område ytre miljø.

Hovudkonklusjon

Under inspeksjonen vart følgjande avvik funne:

1. Avvikshandtering for avløpsanlegget er ikkje tilfredsstillande.
2. Risikovurdering for avløpsanlegget er ikkje tilfredsstillande.
3. Overløp av ureinsa avløpsvatn blir ikkje talfesta.
4. Avløpsleidningar blir ikkje haldt ved like og fornya i tilstrekkeleg omfang.
5. Oppfylling av reinsekrav for utslepp til vatn blir ikkje stetta.

Frist for å rette avvika er sett til 1. februar 2011.

Godkjent dato: 28 OKT 2010

Kjell Kvingedal
seksjonssjef

Utarbeidd dato : 28 OKT 2010

Nina Vadøy Antonsen
overingeniør

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter ein inspeksjon i Voss kommune ved Voss reinseanlegg den 19. oktober 2010. Inspeksjonen er ein del av ein landsomfattande aksjon som blir gjennomført i samarbeid med Klima- og forureiningsdirektoratet med kontroll av avløpsanlegg i større tettstader. Fylkesmannen har gjennomført kontrollen for å sjå til at avløpsanlegget blir drive i tråd med gjeldande krav. Rapporten skildrar eventuelle avvik og merknader som vart funne under kontrollen. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Definisjonar på eit avvik og ein merknad er slik:

AVVIK blir definert som brot på vilkår gitt i utsleppsløyvet eller gjeldande lover og forskrifter.

MERKNAD er eit tilhøve som ikkje blir omfatta av definisjonen for avvik, men som Fylkesmannen meiner det er rett å peike på for å ivareta og forbetre det ytre miljø.

Alle tilsynsrapportar frå Fylkesmannen i Hordaland er offentlege og blir lagt ut på vår nettstad http://www.fylkesmannen.no/hordaland.

2. Dokumentunderlag

Dokumentunderlag for inspeksjonen var:

- forureiningslova § 7 første og andre ledd
- forureiningsforskrifta kapittel 11 og 14
- internkontrollforskrifta
- avfallsforskrifta
- utsleppsløyve av 22. januar 2008
- verksemda sin eigen dokumentasjon som vart lagt fram ved inspeksjonen

3. Omfang

Følgjande område vart dekt under inspeksjonen:

- internkontroll med hovudvekt på avvikshandtering og risikovurdering
- klimatilpassing
- overløp av ureina avløpsvatn
- avløpsleidningar
- styring og drift av avløpsreinseanlegg
- reinsekrav til anlegget
- oppfylling av reinsekrava

Fylkesmannen har under inspeksjonen ikkje vurdert andre tilhøve ved verksemda.

4. Avvik

Avvik 1

Avvikshandtering for avløpsanlegget er ikkje tilfredsstillande.

Avvik frå:
Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 7 (finne og rette opp avvik)

Kommentar
Eit system for avvikshandhandtering skal sikre at alle avvik blir registrert for å rette opp, førebyggje og unngå utslepp til ytre miljø. Det skal sikre at det blir gjennomført tiltak som medfører at årsaka til avviket blir fjerna og at hendinga ikkje gjentar seg. Derfor skal det gå klart fram i ei skriftleg prosedyre når ein skal ta i bruk avviksmelding, kva som skal rapporterast og kven det skal rapporterast til. Det er viktig å definere kva eit avvik er, og at dette er kjent blant alle arbeidstakarar ved anlegget.

Ved tilsyn vart det opplyst at driftsoperatørane noterte avvik for reinseanlegget i ei bok dei kalla avviksbok, men dei rapporterte ikkje avvika vidare. Det var notert eit avvik i avviksboka i 2010, men ingen i 2009. Alarmar som gjekk på avløpsanlegget vart definert som driftsavvik. Desse vart ikkje rekna som avvik i samsvar med regelverk og eigne prosedyrar, så lenge det ikkje var fare for skade eller forureining.

I 2009 vart verdiane for KOF_{CR} og Tot-P overskride ved byte av kjemikalium til Pax 18. Dette vart ikkje ført som avvik.

Kommunen har ikkje ei tilfredstillande avvikshandtering for avløpsanlegget. Fylkesmannen har registrert følgjande:

- Det er ikkje etablert eit skriftleg avvikshandteringssystem for ytre miljø og for avløpsanlegget.

- Kommunen har ikkje definert kva eit avvik er.

Avvik 2

Risikovurdering for avløpsanlegget er ikkje tilfredsstillande.

Avvik frå:
Internkontrollforskrifta § 5 punkt 6 (vurdere risiko)

Kommentar
Ei risikovurdering skal omfatte all påverknad anlegget har på ytre miljø. På bakgrunn av dette skal verksemda vurdere risiko og utarbeide tilhøyrande handlingsplanar for å redusere risikotilhøva. Risikovurderinga og handlingsplanane skal kommunen dokumentere skriftleg. Risikovurderinga for avløpsanlegget er ikkje tilfredstillande. Fylkesmannen har registrert følgjande:

- Risikovurderinga er mangelfull handsama for nokre område. Det gjeld til dømes avløpsnett og overløp.

- Klimatilpassing er ikkje handsama og inngår ikkje i risikovurderinga.

Avvik 3

Overløp av ureinsa avløpsvatn blir ikkje talfesta.

Avvik frå:
Forureiningsforskrifta § 14-5 (avløpsnett)
Utsleppsløyvet av 22. januar 2008

Kommentar
I utsleppsløyvet har Fylkesmannen sett vilkår om at kommunen skal registrere eller rekne ut driftstida for utslepp frå overløp. Samla utslepp av ureinsa vatn via overløp skal maksimalt utgjere 2 % av tilført mengde på årsbasis. Overløpsmengde skal målast eller reknast ut på grunnlag av registrert driftstid.

Kommunen tilfredstiller ikkje følgjande krav:
Forureiningsutslepp av ureinsa vatn via alle overløp blir ikkje talfesta enten ved utsleppsmålingar, modellering eller anna utrekning.

Avvik 4

Avløpsleidningar blir ikkje haldt ved like og fornya i tilstrekkeleg omfang.

Avvik frå:
Forureiningsforskrifta § 14-5 (avløpsnett)
Forskrift om internkontroll § 5 andre ledd punkt 4 (fastsetje mål for ytre miljø)
Forskrift om internkontroll § 5 andre ledd punkt 7 (finne og rette opp avvik)

Kommentar
Kommunen separerer ein del fellessystem. Kritiske område som er kartlagt blir prioritert, men kommunen har ingen saneringsplan for leidningsnettet.

Kommunen held ikkje avløpsleidningar ved like på ein tilfredstillande måte. Fylkesmannen har registrert følgjande:

- Kommunen har ikkje sett eigne mål for funksjonskrav til avløpsnettet.
- Kommunen har ikkje ein saneringsplan for leidningsnettet.
- Det er ikkje sett måltal for årleg fornyingstakt eller investeringsnivå for leidningsnettet.
- Leidningsnettet forfell raskare enn det kommunen fornyar.

Avvik 5

Oppfylling av reinsekrav for utslepp til vatn blir ikkje stetta.

Avvik frå:
Forureiningsforskrifta § 14-11, § 14-12, § 14-13 og utsleppsløyvet av 22. januar 2008

Kommentar
Reinsekrava i løyvet vart overskride i 2009.
Ifølgje utsleppsløyvet er kravet at KOF_{CR}-mengda skal reduserast med minst 90 % eller ikkje overstige 60 mg O_2/l ved utslepp, og at fosformengda skal reduserast med minst 95 %.

Reinseresultatet frå 2009 viser at reinsekravet for KOF_{CR} og fosformengda vart overskride fleire gonger i 2009 og nokre i 2010. Til dømes var reinseeffekten av KOFcr på 53,2 % og av fosformengda på 57,9 % i oktober 2009. Ved tilsyn opplyste kommunen at årsaka til dei overskridne verdiane i 2009 var byte av kjemikalium til Pax 18. Årsaka til overskridne verdiar i 2010 var ukjent.

5. Merknader

Fylkesmannen har ikkje gitt merknader under inspeksjonen.